



Stiftelsen Setesdal stavkyrkje

Vår ref.: .2022/765-5
D10

Sakshandsamar: Vidar Homme
vidar.homme@valle.kommune.no

Dato
21.08.2023

Valle kommune sitt engasjement i Setesdal stavkyrkje

Prosjektleder og styreleder i stiftinga har bede undertekna om å samanfatte det kommunale engasjementet i prosjektet så langt, og likeins peike noko på mogleg støtte og samarbeid framover.

Valle kommune er svært positiv til initiativet som er teke frå stiftinga Setesdal Stavkyrkje. Ei realisering av planane om å byggje ei stavkyrkje med eldgamle teknikkar og verktøy har ringverknader og effektar på så mange vis. Ikkje berre for handtverksfaget, kulturhistoria og museumsmiljøet, men også reiselivet og næringslivet elles kan få glede og nytte av ei slik satsing. Eldsjelene bak prosjektet har så langt dokumentert evne til å sikre framdrift og gjennomføringskraft i dei visjonære planane. Frå kommunen si side meiner me nettopp krafta som ligg i det private initiativet kan vere avgjerande for å lukkast.

Så langt har Valle kommune bidrege inn i prosjektet på ulike måtar:

- Valle kommune løyvde 75 000 kr i stiftingskapital.
- I 2022 innvilga kommunestyret søknaden frå stiftinga om 40 000 kr til forprosjektet.
- Kultur- og fritidsleiar har hatt styreplass i oppstarten av stiftinga.
- Valle kommune har teke på seg ansvaret for å gjennomføre ei regulering og arealplanlegging av det aktuelle området. Det er løyvd 300 000 kr til føremålet. Plankonsulent er engasjert og reguleringsarbeidet er starta opp.
- Kommunen har også teke initiativ til å engasjere juridisk bistand til å lage avtalar om bruk av arealet. Det er Setesdalsmuseet Eigedom IKS, der kommunen er ein av tre kommunale eigarar, som eig grunnen der stavkyrkja er planlagt. Kommunen tek også kostnadene med avtaleutforminga.
- Kommuneadministrasjonen og stiftinga gjennomfører regelmessige kontaktmøte, i snitt annan kvar månad. Føremålet er gjensidig oppdatering på status og likeins er det ein nyttig arena for å identifisere oppfølgingspunkt. På møta stiller kultur- og fritidsleiar, teknisk leiar og næringsrådgjevar i tillegg til kommunedirektøren.

Kommunen ynskjer å vere ein aktiv tilretteleggjar og samarbeidspartnar for stiftinga. I denne fasen vurderer me at særleg arbeidet med arealplanlegging, regulering og eigedomstilhøva er kritisk at kommunen prioriterer. Framover er det naturleg å vurdere økonomiske bidrag til både planlegginga og sjølve hovudprosjektet, særleg om det kan vere utløysande for gjennomføringa. Nivået på bidraga må avgjerast av kommunestyret, typisk i samband med budsjetthandsaminga kvar haust.

Med helsing
Valle kommune

Vidar Homme
Kommunedirektør

Dokumentet er godkjent elektronisk og vert sendt utan signatur.